



Sjekkliste for egenrevisjon



15 GROVFÔR, KORN, FRØ, OLJE- OG BELGVEKSTAR

© Stiftelsen Norsk Mat
Versjon 2021.10

Spørsmål som krever dokumentasjon vises med symbolet



Dei fleste krava som gjeld frødyrking og produksjon av grovfôr, korn, olje- og belgvekstar, finn du i sjekklister 1 Generelle krav til garden. Dette gjeld mellom anna krav til gjødsling og bruk av plantevernemiddel.

15.1 SÅING

15.1.1 Har du registrert art, sort og partinummer for såvare du har kjøpt, og art og sort for såvare du har dyrka sjølv?

For innkjøpt såvare skal du dokumentere art, sort og partinummer. Som dokumentasjon kan du til dømes bruke rekneskapsbilag der partinummeret og sorten er påført. Dette dokumenterer kva du har sådd, i tilfelle du skal reklamere på ein såvareleveranse.

Viss du bruker eigen såvare, treng du berre å dokumentere art og sort. Dette er dokumentasjon du treng for å få sortsavhengig betaling.

§ Krav

Forskrift om såvarer	Lovkrav
----------------------	---------

15.2 GROVFÔR

15.2.1 Lagrar du grovfôret slik at det ikkje blir forureina?

Fôret er ein del av den totale matkjeda, og dårleg fôr kan forureine produkta. God oversikt over grovfôrproduksjonen bidreg til god fôrqualität. Dette har å gjere både med dyreetikk og mattryggleik.

§ Krav

Forskrift om fôrhygiene	Lovkrav
-------------------------	---------

15.2.2 Dokumenterer du type og mengde ensileringsmiddel for dei ulike fôrpartia?

Ensileringsmiddel er kjemikaliar som skal dokumenterast. Oversikt over dette er også viktig for ei vurdering av oppnådd fôrqualität.

15.3 KORN, FRØ, OLJE- OG BELGVEKSTAR

15.3.1 Ser du til at beisa såvare ikkje forureinar mat-/fôrkorn, og at det er utilgjengeleg for husdyr?

Det er forbode å omsetje beisa korn som mat eller fôr. Beisa korn skal lagrast utilgjengeleg for dyr.

§ Krav

Forskrift om fôrhygiene	Lovkrav
Kornbransjens krav til råvareleverandører	Informasjon

15.3.2

Reingjer du transportutstyr, og dekkjer du til korn, frø, olje- og belgvekstar under transport?

Reingjer alltid transportutstyret, og sjå til at korn, frø, olje- og belgvekstar er tildekte under transport. Dette er viktig både for å forhindre at varene blir forureina, og for å unngå å spreie floghavre.

§ Krav

Forskrift om fôrhygiene	Lovkrav
Floghavreforskrift	Lovkrav
Kornbransjens krav til råvareleverandører	Informasjon

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

15.3.3 Reingjer du tørkeutstyr og lager minst éin gong i året?

Du skal reingjere tørkeutstyr og lager minst éin gong i året for å sikre at kornet ikkje blir forureina og taper seg under lagring.

§ Krav

Forskrift om fôrhygiene	Lovkrav
Floghavreforskrift	Lovkrav
Kornbransjens krav til råvareleverandører	Informasjon

15.3.4 Har du gode nok lagringsforhold, og gjennomfører du tiltak som bidreg til at korn på lager ikkje blir forureina?

Ikkje ha produkt som kan forureine kornet, på tørkeplassen, til dømes gjødsel, plantevernmiddel eller kjemikalium. Det er også viktig å skjerme kornet så godt som råd mot forureining frå mus, rotter, kattar, fuglar og andre skadegjerarar.

§ Krav

Forskrift om fôrhygiene	Lovkrav
Informasjon fra kornbransjen	Informasjon

15.3.5 Har du rutinar for å tørke og rullere korn og frø for å forhindre sopp- og mygldanning under lagring?

Det er viktig å tørke, rullere og kjøle korn og frø til lagerfast vare, slik at ikkje kvaliteten blir dårlegare under lagring. Lagerfast korn og frø inneheld høvesvis maks 15 og 8 prosent vatn.

Sopp- og mygldanning er dei vanlegaste årsakene til kvalitetstap, og god tørking er det beste tiltaket mot dette. Sopp, mygl og giftstoffa dei produserer, kan vere skadelege og farlege for folk og dyr.

§ Krav

Forskrift om fôrhygiene	Lovkrav
Kornbransjens krav til råvareleverandører	Informasjon
Mattilsynet- Anbefalte grenseverdier for sopp og mykotoksiner i fôrvarer	Informasjon

15.3.6 Kontrollerer du korn på lager jamleg gjennom lagringssesongen?

Korn du lagrar, må kontrollerast jamleg. Du bør overvake både lukt og temperatur. Viss temperaturen i lagersiloane går opp, bør du setje i verk tiltak som å tørke og rullere kornet for å unngå at det taper seg så du får kvalitetstrekk på oppgjeret, eller at kornet i verste fall ikkje kan brukast som salsvare.

§ Krav

Forskrift om fôrhygiene	Lovkrav
Kornbransjens krav til råvareleverandører	Informasjon

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt